

Fra: Kristin Arnestad <Kristin.Arnestad@vlfk.no>
Sendt: mandag 27. februar 2023 11:22
Emne: Utlysning av midlar til utviklingstiltak i landbruket og informasjonsmøte

Utlysning av midlar til rekruttering, kompetanseheving og næringsutvikling i landbruket i Vestland

Vestland fylkeskommune har lyst ut midlar til utvikling av landbruksnæringa i fylket. Vi har to ordningar med søknadsfrist 15. april 2023:

- [Regionale tilretteleggingstiltak i landbruket](#)
- [Rekruttering og kompetanseheving i landbruket](#)

Midlane skal legge til rette for regional næringsutvikling, rekruttering og kompetanseheving med mål om å styrkje verdiskapinga i landbruket.

Informer gjerne andre om ordninga. Har de spørsmål til ordningane eller ynskjer ein prat er det berre å ta kontakt. Utfyllande kontaktinformasjon finn de også i lenkjene.

Informasjonsmøte om tilskotsordningar til rekruttering, kompetanseheving og næringsutvikling i landbruket

Onsdag 17.mars inviterer vi til eit informasjonsmøte om dei to tilskotsordningane [Rekruttering og kompetanseheving i landbruket](#), og [Regionale tilretteleggingstiltak innan landbruket](#).

Målgruppe: kommunar og andre organisasjonar som skal søkje om midlar, eller som lurar på om dei skal søkje om midlar

Tid og stad: 17. mars kl. 9.00-11.00, på Teams

Innhald:

- Kort informasjon om ordningane - moglegheiter og avgrensingar
- Kva er ein god søknad?
- Eksempel på prosjekt som har fått støtte
- Kort info om andre tilskotsordningar relevant for landbruk
- Høve til å kome med spørsmål

Programmet blir oppdatert når det nærmar seg, [men meld deg gjerne på allereie no](#).

Dersom du har innspel til tema vi skal ta opp, gode eksempel på prosjekt, eller andre innspel tek vi i mot det med takk!

Med helsing

Kristin Arnestad
seniorrådgjevar

seksjon for grøn næringsinfrastruktur
avdeling for næring, plan og innovasjon



Mob: 90 61 68 43 www.vlfk.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.